

Nysæter kyrkjelyd  
**Årsmelding**  
**2022**



*"Nysæter kyrkje - ein heim for alle,  
her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand"  
- Visjon Nysæter kyrkjelyd*

Visjonen til Nysæter kyrkjelyd lyder slik: «Nysæter kyrkje – ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand». Dette har også i 2022 vore utgangspunktet for arbeidet i kyrkjelyden. Eit år med varierte aktivitetar.



<b>NYSÆTER</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
<b>Døypte</b>	<b>38</b>	<b>21</b>	<b>30</b>	<b>28</b>
<b>Konfirmerte</b>	<b>24</b>	<b>34</b>	<b>33</b>	<b>26</b>
<b>Vigsler</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>1</b>
<b>Gravferd</b>	<b>21</b>	<b>14</b>	<b>14</b>	<b>13</b>
<b>Gudstenester</b>	<b>51</b>	<b>56</b>	<b>64</b>	<b>56</b>
<b>Deltakarar</b>	<b>5 494</b>	<b>3 098</b>	<b>3186</b>	<b>4410</b>
<b>Takkoffer</b>	<b>223 954</b>	<b>144 955</b>	<b>134738</b>	<b>184251</b>
<b>Utmeldingar</b>	<b>16</b>	<b>13</b>	<b>21</b>	<b>14</b>
<b>Innmeldingar</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>4</b>

# Årsmelding Nysæter sokneråd 2022

Soknerådet hadde i 2022, 8 møte og handsama 59 saker. Nysæter sokn har eit aktivt og engasjert sokneråd. Dei samarbeider godt, består av medlemmer med ulik kompetanse og vil det beste for kyrkjelyden. Me er glade for eit godt samarbeid med sokneprest og dei andre tilsette i staben på kyrkjekontoret.

## Nysæter sokneråd har i 2022 hatt denne samansetninga:

<b>Faste medlemmer:</b>	
Marta Kristin Valvatne	Leiar og misjonskontakt
Oddbjørg K. Løkling	Nestleiar og medlem i trusopplæringsutvalet
Katrine Valvatne Kvernenes	Medlem i trusopplæringsutvalet
Jens Arne Stautland	Medlem i fellesrådet og gudstenesteutvalet
Heine Kaldefoss	Medlem i Fellesrådet og kulturutvalet
Jørgen Knudsen	Sokneprest i Nysæter
Karen Marie Valvatne	Medlem i kulturutvalet Fast medlem frå 10.10.22
Marit Stalheim Grimstad	Premisjon i frå 20.10.22
<b>Varamedlemmer:</b>	
Ingebjørg Grønsdal	Medlem i diakonitualet
Randi Bod Haugsdal	
Ståle Betten	Representant i Sagvåg forum
Kristine Wiersen	

**Korleis har Nysæter kyrkjelyd vore kyrkje for folk i Sagvåg og Litlabø det siste året? Med å invitere til ulike samlingar gjennom heile veka har me vist at me bryr oss og ønskjer å legge tilrette for at Nysæter kyrkje kan vere « ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand». Med å vere gjestfrie og rause ønskjer me å vise at kyrkja bryr seg.**

Ungdomsskuleelevar vert møtt kvar mandag av vaksne som ser dei og som gir dei mat og struktur til å få gjort leksene.

Kvar tysdag har heimeverande med små barn blitt møtt med føremiddagsmat og med høve til å knytte nye kontaktar og utvide nettverket sitt. Dei møter ei open og raus kyrkje med vaksne som bryr seg.

Kyrkja har to gonger kvart semester lagt til rette for uformell ettermiddagskaffi der invitasjon er sendt på SMS til alle frivillige me har notert telefon til. Dette er eit tiltak for å styrke det sosiale samhaldet i kyrkjelyden.

Puls på livet med sofaprat kunne halde fram etter at koronarestriksjonar vart oppheva 12.02.22. Desse samlingene er verdifulle for fellesskapet. Enkeltpersonar vert sett, løfta fram og får dela av sine røynsler og sitt liv.

Kyrkjeringen er trufaste og produserer stadig basargevinstar. Planen er ny basar hausten 2023. Her er eit fellesskap med flittige handarbeidsfolk med plass til fleire.

Me har gjennom enkeltarrangement og vore til stades som kyrkje. Som å servere frukost til slitne skolekorps-musikanter på 17. mai. Me deltok på stand på torget på Folkehelsedagane i juni. Og har delteke med informasjon på Sagvåg forum sin samling i mars. Me har ved eit par høve hatt open kyrkje etter tragiske hendingar.

På konserten «Det sårbare livet» 01.11 vart den nye lysriggen teken i bruk. Innkjøpt av midlar frå basaren sist år. Meir og variert lys gir andre og betre uttrykk under arrangementa våre.

I romjula var 25 unge vaksne samla til eit treff. Dei ønskjer å vere eit nettverk for unge vaksne i Stord- kyrkjene med jevnlike samlingar framover.

Gudstenestene våre er kyrkjelyden sitt «pulsslag».

Ofte kan me gle oss over store dåpsfølgjer, me håpar borna blir følgt opp som medlemmer i kyrkja gjennom dei trusopplæringstiltaka me har. Utdeling av 4- års bok har god oppslutning og me feira ei fin gudsteneste den dagen. Søndagsskulen har ein pause no, og me har difor lagt til rette for at born som er med under gudstenesta skal kunne leike litt ( leiketeppe og klosser som ikkje lagar lyd, samt tegneark og bøker.) Me inviterte til eit familieKor som eit prosjektkor fram mot 31 års jubileumsgudstenesta! Dette blei ei fin markering i familiegudstenesta 11.12.22 Vervagudstenesta og gudsteneste i gapahuken i Hustrudalen gir folk høve til og samlast litt meir uformelt. Me undrar oss over kva som skal til for at fleire finn seg til rette i dei vanlege gudstenestene våre. Me har framleis kyrkjelydsbygging i Mustamae og Saku i Estland som vårt misjonsprosjekt i samarbeid med NMS og har i 2022 samla inn kr 45.593,-

Dette året har det blitt laga eit introduksjonshefte for frivillige medarbeidarar i både Nysæter og Stord sokn. Dei diakonale tiltaka rekrutterer fleire frivillige, og heftet kan brukast som ei rettleiing og hjelp til å ivareta både nye og erfarne frivillige. Me ønskjer eit fokus på å bruke evner og talent i det å bygge Nysæter kyrkjelyd. Alle høyrer til og alle er viktige for eit levande fellesskap.

No ser me fram til eit år med val av nytt sokneråd. Me håpar mange er villige til å bli nominert. Me ønskjer velkommen tilbake til sokneprest Reidar Ådnanes som skal vere her i 60 % stilling . 31 år etter han vart ordinert og vart første presten i den nye Nysæter kyrkje. Me takkar Jørgen Knudsen som fast prest i Nysæter sokn i over 5 år! Me takkar staben som har ytt meir enn forventta i ei tid med manglande ressursar, delvis korona, sjukmeldingar og vakansar.

Må Gud velsigne arbeidet i Nysæter sokn slik at mange kan finne tru, håp og kjærleik i Guds hand!

Marta Kristin Valvatne  
leiar i Nysæter sokneråd.

# Årstankar frå sokneprestane 2022

Mykje spennande har skjedd siste året. Slik pleier årsrapportane mine ofte begynne. 2022 vart året då alt skulle startast opp att. Vi gløymer fort at fyrste kvartal hadde delvise restriksjonar på arbeidet.

Etter kvart kom vi i gang igjen, men det tok tid. Statistikkane ber og preg av at alt ikkje er som før. Det tek tid før alle er attende i «normal» gjenge. Kan hende vi aldri kjem attende der vi var før nedstenginga i 2020. Dette gjev utfordringar til å tenkje nytt, noko eg med glede ser at kyrkjelyden i Nysæter gjer med ope sinn og ståpåvilje

Gledeleg er det å sjå at dei ulike aktivitetane vi har hatt vaknar til live igjen. Kyrkja er open både kvardag og helg, og det putrar av liv i ulike krikar og krokur. Det er løfterikt. Utan forkleining for noko anna, har eg særleg lyst å framheve at det gler meg vi fekk prøve med eit prosjekt: familiekor. Stor friviljug innsats ligg bak. «Unge vaksne» - samlingar rakk akkurat å starte opp innan året gjekk over i 2023. Det er og eit fint døme på nytenking og lokalt initiativ.

Endeleg fekk vi gjennomført markering av 30 årsdagen for vigslinga av kyrkja. Dette vart ein merkedag på fleire måtar. I tillegg til 30-års jubileum vart det og velkomst for ny sokneprest Reidar Ådnanes og avskil med gamlepresten Jørgen

Soknerådet sitt arbeid har vore stabilt og jamt gjennom året med Marta Kristin Valvatne som leiar og ei stø hand på rattet.

Det har vært fint å vere prest i Nysæter kyrkjelyd – ein heim for alle, der finn vi tru, håp og kjærleik i Guds hand.

Jørgen Knudsen  
Sokneprest i Nysæter

31 år etter at eg tok til som prest i Nysæter fekk eg utfordringa med å ta over som sokneprest i kyrkjelyden. Planen var å bli pensjonist i 50% frå nyttår, men med den vanskelege rekrutteringssituasjonen som me har i kyrkja kjendest det rett å ta utfordringa. Eg har no ei ordning der er arbeider i 60% stilling. Eg er aktivt til stades i halvparten av vekene, og tilgjengeleg for kontakt og planlegging i den andre halvdel. ( ca 4 veker/4 veker)

Det medfører at det blir ein del gudstenester og andre hendingar eg gjerne skulle ha vore med på som fell i «friperiodane» mine. Då finn ein andre løysingar.

Me vil hauste erfaringar med denne ordninga, og så får det bli ei vurdering om ein har håp om å få søkjarar ved ei utlysing av stillinga.

Reidar Ådnanes  
Sokneprest i Nysæter frå 18.12.2022

# Årsmelding kyrkjemusikk 2022

Året 2022 starta opp med koronarestriksjonar, men heldigvis vart situasjonen normalisert ganske snart, og me kunne komma igong med nokolunde normal kyrkjemusikkdrift att.

Det kan nevntast at me 6.februar markerte Samefolkets dag med å mellom anna syngja to salmar med samisk opphav. Gudstenester kom inn i meir normale former att, med t.d. deltaking av kor og instrumentalistar. Koret mMokkat var med ved gudsteneste 3.april og kyrkjekoret Sanctus tok del 1.mai. Sanctus var og med ved nokre gudstenester med ei mindre forsongsgruppe. Pianoelevar frå kulturskulen spela på gudsteneste 27.mars, og 1.påskedag var Rune Koppang med på trompet. Ved konfirmasjonane 14.-15.mai spela Webjørn Sæther saxofon og Synnøve Leseth song.

På haustparten (25.september) hadde Sanctus vellukka salmekveld med nytt og gammalt stoff frå salmeboka vår. Kantor Bjarte Aadland presenterte det heile og var dirigent. På salmekvelden hadde ein tonefølge av Joakim Vikanes på gitar og Øystein H.Aadland på tangent. Dei to spela og ved gudstenesta same dag.

1.november hadde kyrkja vitjing av ein trio (Leif Magne Helgesen, Hans-Gunnar Skreslett og Owe Håstø) med prosjektet Det sårbare livet. Dette var eit samarbeid med Puls på livet og vart godt motteke. 13.november var bandet Pocketmoney med på gudstenesta og spela eige stoff, men og til eit par salmar. Dette var og eit fint bekjentskap. I desember tetta det seg til med aktivitet og den tradisjonelle julekonserten med kor og korps vart gjennomført 11.desember etter to år med koronapause. Same dag var det gudsteneste på føremiddagen der familiekor med band var fint deltakande. Her spela og ein kulturskuleelev frå kulturskulen. 18.desember vart endeleg Nysæter kyrkje sitt 30-årsjubileum avvikla i gudstenesta om føremiddagen. Her tok messingkvartett med utgangspunkt i Sagvåg musikklag del, det gjorde og koret Sanctus.

I sjølve jula var strykarar med på eine julaftegudstenesta og Birgitte Kaldefoss tok del på horn på den andre gudstenesta. 1.juledag var nok ein gong Rune Koppang aktiv på trompeten.

Av konsertar som Nysæter kyrkjelyd ikkje arrangerte kan nevntast konsert med mMokkat på våren og Stordkoret (Kroningsmesse av Mozart), Sunnhordland kammerorkester og koret Corona på hausten.

Elles kan nevntast at koret Sanctus er igong med øving til Folkedansmesse juni 2023. Koret slit litt med rekruttering, men er stort sett ved godt mot. Koret er ein flott ressurs ved gudstenester, salmekvelder mm.

Som tidlegare år må også nevntast den gode salmesongen me har i kyrkja vår, vidare fungerer orgelet og flott, det har pr.idag ettersyn annakvart år, planen er at orgelsakkyndig kjem no på vårparten i 2023 for stemming, justeringar osb.

Bjarte Aadland  
Kantor i Nysæter kyrkje

# Årsmelding Sanctus 2022

Styret har i 2022 vore samansett som fylgjer:

Inger Johanne Moe, Randi Nysæter, Arne Fyllingen, Berit Marie Nesse, Bjarte Aadland.

Vararepresentantar: Vararepresentant: Gunnar Nysæter. Valnemnd: Marit Grip og Sverre Olav

Lundal. Dirigent for koret er Bjarte Aadland. Styret har hatt 5 styremøter i 2022. Øvingane har vore i Nysæter kyrkje. I året 2022 har i gjennomsnitt ca 12 aktive medlemmer delteke på korøvingskveldane.

2022 starta med at nasjonale myndigheter frarådde fritidsaktiviteter for vaksne innandørs. Me avventa situasjonen dei første vekene i det nye året og følgde med på nasjonale/lokale oppdateringar. Styret starta arbeidet med å få gjennomført den utsette 25 års jubileumsmarkeringa. I styremøtet i mai kom dei siste detaljane for jubileumsmarkeringa på plass. I tillegg starta styret og dirigent planlegging av salmekveld og aktivitetane for hausten.

Økonomi har vore eit sentralt tema i alle styremøtene i 2022, med fokus på å henta inn midlar for å dekkja noko av dei ekstra utgiftene som kom på grunn av pandemien i 2021.

Koret har i 2022 fått «koronamidlar» både frå Stord kyrkjelege fellesråd og Nysæter sokneråd, noko koret er svært takksame for.

## Aktivitetar i året 2022

- Oppstart onsdag 9. februar
- Årsmøte onsdag 23. februar
- Forsong gudsteneste Nysæter kyrkje søndag 13. mars
- Forsong 1 påskedag i Nysæter kyrkje, søndag 17. april
- Korsong på kveldsarrangement i Leirvik bedehus, søndag 24. april
- Forsong gudsteneste Nysæter kyrkje søndag 1. mai
- Forsong friluftsgudsteneste Kristi Himmelfartsdag torsdag 26. mai i Hustrudalen
- Jubileumsmarkering 25 år på Haaheim Gaard lørdag 28. mai
- Onsdag 24. august: oppstart haustsemester
- Forsong vervagudsteneste søndag 28. august
- Salmekveld i Nysæter kyrkje søndag 25. september.
- Forsong på gudsteneste i Nysæter kyrkje søndag 23. oktober
- Deltaking på den tradisjonelle julekonserten i Nysæter kyrkje søndag 11. desember
- Juleavslutning onsdag 14. desember i heimen til Randi og Gunnar Nysæter.
- Deltaking på jubileumsgudsteneste i Nysæter kyrkje søndag 18. desember

Styret har også i 2022 fokusert på at Sanctus skal vera ein aktiv medspelar i det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkja, samt arbeida for et godt korfellesskap.

**Koret takkar:** Sanctus vil retta ei stor takk til Bjarte, dirigenten vår! Dirigenten er optimistisk og motiverande!

Stord, 31.12.2021 - Styret i Sanctus (dette er ei forkorta utgåve av årsmeldinga til Sanctus)

# Årsmelding diakoni 2022

Året 2022 har vore eit innhaldsrikt år for den diakonale tenesta i Nysæter og Stord sokn. Covid 19 -epidemien satte framleis nokre begrensningar ved starten av året, men etter kvart vart det eit betre og opnare samfunn. Det var bra for diakonien ned tryggare relasjonar mellom menneska.

**Diakoniutvalet** er eit felles utvalg for Nysæter og Stord sokn. Utvalget har i 2022 bestått av: Ingebjørg Grønsdal og Marit Johnsen frå Nysæter sokn, Signe Wiersen Vorland og Dagfinn Koppang frå Stord sokn. Soknediakonen er fast medlem og skrivar i utvalget.

Soknediakon Olaug Irene A. Gloppen hadde 60 % stilling t.o.m. 31.08.2022. F.o.m. 01.09.2022 auka ho stillingsprosenten til 75%.

Nokre av Diakoniutvalget sine oppgåver i 2022:

**Open kyrkje i Stord:** Diakoniutvalet hadde open kyrkje 3 gonger. Open kyrkje er eit tilbod der kyrkjerommet er ei viktig ramme, musikken frå orgelet gir ro og fred, lystenning gir håp og bøn, ro og refleksjon gir styrke i ein travel kvardag .

**Temakveld i Stord kyrkje:** Torsdag 31. mars arrangerte diakoniutvalget temakveld i Stord kyrke. Tema var «psykisk helse og rusomsorg». Kenneth Stenbråten, leiar for «Psykisk helse og rus, avd. Maris» på Stord, held eit innlegg og sang.

**Minnegudsteneste Allehelgensdag:** Diakoniutvalet deltok i lag med diakon på minnegudsteneste Allehelgensdag. Pårande til dei som døde i 2022 vart innviterte til gudstenesta. Diakoniutvalet var med å lese navn, tenne lys og servere enkel kyrkjekaffe etterpå. Kyrkjemusikar Noah Wibe gav ei nydeleg musikalsk oppleving i lag med solist Orlaug Evensen på fiolin.

**Døvegudsteneste søndag 13.mars:** Det var døvegudsteneste i Nysæter kyrkje søndag 13. mars. Diakoniutvalget deltok som kyrkjevertar og med lystenning under forbøna.

**Diakonens dag søndag 18.september:** Både diakoniutvalget og soknediakonen opplevde det fint og inspirerande å ha diakonien i kyrkjelydane som tema og fokus på ei gudsteneste. Søndag 18. september var det diakonens dag i Stord kyrkje. Diakoniutvalget deltok under gudstenesta med forbøn for kyrkja sitt lokale diakonale arbeid. Soknediakonen held preiken. Det vart også informasjon om arbeidet som diakoniutvalget og diakonen gjer. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffe med kaker.

**Nokre av oppgåver til soknediakonen 2022:**

**Besøkstene/ blomhelsing:** Diakonen går med blomhelsing etter dødsfall til dei som har mista ektefelle eller born. Det har blitt mange samtaler i heimane i 2022, både sorgarbeid og sjelesorg.

**Sorgarbeid:** Sorgarbeid er ein viktig del av diakonen si teneste. På hausten starta diakonen opp ei sorggruppe i lag med Marta Kristin Valvatne. Sorggruppa er felles for begge sokna.

**Nattverdssamlingar på Stord sjukeheim:** Stord sjukeheim har eigne nattverdssamlingar for bebuarar som ønsker nattverd. Diakonen leier desse samlingane i lag med aktiviteten Kjersti Muri ved Stord Sjukeheim.



**Andaktar på institusjonar:** Både frivillige, diakon og prestar held andakt på institusjonane, dvs. på Stord sjukeheim, på Knutsaåsen omsorgssenter og på Buneset. I tillegg er det frivillige som spelar piano til songane.

**Samlingar/teamsmøter med diakonane i Bjørgvin bispedøme:** Våren 2022 var det nokre teamsmøter med alle diakonane i Bjørgvin bispedøme. Ellers har det vore eit par samlingar i Bergen. Dette er nyttige inspirasjonssamingar som diakonen har prioritert.

**Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon:** KN sin fasteaksjon er diakoni på internasjonalt plan. Diakonen samarbeider med tilsette i trusopplæringa og pretane med å arrangera fasteaksjonen. I 2022 deltok konfirmantar med dør-til dør- aksjon.

I både Nysæter og Stord sokn er det mykje som skjer. Diakonien, kyrkja si omsorgsteneste, er tilstades både i trusopplæringa, i gudstenestelivet, i alt fellesskapsbyggjande arbeid, i diakoniuutvalget sitt arbeid, i arbeidet for innvandrarar m.m. Kyrkjelydane bør vere glade og stolte av dei gode diakonale tenestane som er til stades. Det skjer også mykje kvardagsdiakoni på jobb, i familiane, i lokalsamfunnet og der menneske møtes.

Olaug Irene A. Gloppen  
Soknediakon.

## Årsmelding trusopplæring 2022

I Guds store hand – skal me finna tru, håp og kjærleik, og det har mange barn og unge gjort i Nysæter kyrkje det siste året. Her har vore samlingar for nokon kontinuerleg gjennom året, og for andre som enkelttiltak. Me har lært om Jesus både på kvardagar og i gudstenester på søndagen.

### Tilsette i Trusopplæringa:

Elisabeth V Fauskanger (Permisjon frå hausten 2022), Anne Brandvik Nilsen og Ingvild Baugstø Almås har alle 100% stilling. Med mykje sjukemelding har det ikkje vore utført arbeid i 3 heile stillingar nokon gong dette året. Året avslutta med 1 pedagog i arbeid.

### Trusopplæringsutval (TOL-utval)

Trusopplæringsutvalet er felles for Stord og Nysæter og består av 2 rep. frå kvart sokn, samt tilsette frå Trusopplæringa. Frå Nysæter sokn er Oddbjørg Løkling og Katrine Valvatne Kvernenes med. I 2022 hadde me 5 møter og har bl.a. jobba med å få Her & Der opp å gå, samt leikekrok i kyrkjene.

Ny/revidert trusopplæringsplan er på trappene, og utvalet har så vidt starta arbeidet.

### Aktivitetar og ulike tiltak i Trusopplæringa

#### T0-9 babysong og Supertysdag

Babysong blei avslutta på våren, og gjekk inn i Mat & Prat for foreldre med små born. Det blei utvida frå kvar 14. dag til å ha samling kvar tysdag frå hausten av. Blei frå hausten av eit diakonalt tiltak.

T1-6 og T7-8 blei slått saman til T1-9 SUPERTYSDAG frå hausten av, grunna bemanning. Dette er samlingar tysdagar kvar 14. dag der opptil 25 ungar møtes for songstund med bibelforteljing, pølsefest, leik og aktivitetar. Utgjer 8-9% av dei døypte.

## **T 14 Konfirmasjon**

Konfirmantane hadde 3 samlingar utover våren før konfirmasjonen. Under konfirmasjonshelga 14. og 15. mai var det 27 konfirmantar som blei konfirmerte. Utgjer 62% av dei døypte.

Hausten starta med 31 nye konfirmantar. Me drog til Solgry ein ettermiddag for å bli kjent. Elles hadde me presentasjonsgudsteneste 4. september og lysmesse 4. desember. Me hadde 3 samlingar utanom.

## **T12- Her & Der**

Her & Der har hatt jamne samlingar ein måndag i månaden heile året. Dette er ein fellessamling for både Stord og Nysæter og me har vore på Sagvåg skule og hatt pizzalagings-konkurranse, vore på Solgry, hatt grautfest på Valvatne for å nemna noko. Ein fin gjeng på +- 20 ungdommar som møtes jamt. Dette er samlingar med mykje ulik aktivitet, mykje leik og med ein andakt midt i.

## **T 9 Tårnagenthelg og T 11 Lys vaken**

Begge desse tiltaka er helgesamlingar med ei samling fredag/laurdag og med deltaking på gudstenesta søndag. Tårnagenthelga blei arrangert fredag 11. og søndag 13. februar som var fyrste helga med full gjenopning etter korona. 5 niåringar stilte. Lys Vaken er som alltid natt til 1. søndag i advent. (26. – 27.nov.) Under lysvåken-natta var det 11 ungar med. Dei fekk ei magisk kveld/natt i kyrkjerommet og var vakne for Gud, kvarandre og seg sjølv.

## **T 10-13 «Like mykje verdt»**

Dette var i utgangspunktet tenkt som ei helgesamling, men då det ikkje var nokon påmelding til samlinga laurdag, fekk dei ungene som var med på gudstenesta på søndagen eit gripekors og ei gudsteneste som var tilrettelagt for det tema dei skulle innom.

## **T 4 Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbok**

Familiegudstenesta med utdeling av barnebibel til fireåringane fann stad 30.oktober. Det blei delt ut bøker til 14 jenter og gutar, som utgjer 50% av dei døypte.

Andre kjekke ting me har gjort i Trusopplæringa:

- Julevandring med barnehagane i Sagvåg og Litlabø-området.
- Skulebesøk med ulike tema og aktivitet.
- Skulegudstenester før jul for alle skulane i kommunen.
- Blitt inspirert på Trusopplæringskonferanse på Gardermoen i oktober.

## **Frivillige medarbeidarar**

Eit utfordrande år med mykje sjukemelding har satt sitt preg, men me håpar me likevel har gitt gode opplevingar for barn og unge og møtt dei der dei er i livet.

Tusen takk til alle som på ulike måtar er med og bidreg i Trusopplæringa i kyrkja vår. Utan frivillige kan ein ikkje driva trusopplæring på det nivå me har i dag.

Ingvild Baugstø Almås  
Kyrkjelydspedagog

Konto	Konto(T)	Beløp	Budsjett	Avvik
	<b>UTGIFTER</b>			
11101	Konfirmantar, fest, mat ol	0,00	5 000,00	5 000,00
11102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor	18 834,00	30 000,00	11 166,00
11106	Barne- og ungdomsarbeid (ikkje trusopplæring)	7 488,00	35 000,00	27 512,00
11107	Lokale diakonale tiltak	0,00	25 000,00	25 000,00
11201	Velferdstiltak, gåver ol	867,00	4 000,00	3 133,00
11202	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi ol	7 992,00	20 000,00	12 008,00
11207	Diverse andre utgifter	0,00	8 000,00	8 000,00
11301	Gebyr bank	5 446,99	0,00	-5 446,99
11400	Annonser	671,00	5 000,00	4 329,00
11401	Kyrkjelydsblad, flyers, info	0,00	15 000,00	15 000,00
11500	Kurs, Døgnet ol	0,00	5 000,00	5 000,00
11501	Arrangementsutgifter	16 162,00	10 000,00	-6 162,00
12000	Innbu, utstyr, bøker	312,00	5 000,00	4 688,00
12002	Teknisk utstyr, verktøy	99 539,00	0,00	-99 539,00
12003	PC-utstyr, programvare, lyd-utstyr	0,00	100 000,00	100 000,00
14401	Overføring trusopplæring/ diakon/ eigenbet til FR	25 874,00	28 000,00	2 126,00
14650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	52 523,00	45 000,00	-7 523,00
14651	Offer/ innsamling til fasteaksjonen	14 141,00	35 000,00	20 859,00
14652	Misjonsprosjektet	44 998,00	35 000,00	-9 998,00
14653	Basarutgifter, innsamlingsutgifter	0,00	6 000,00	6 000,00
14700	Tilskot/ gåver til andre (private/ lag og organisasjonar)	10 000,00	0,00	-10 000,00
15400	Avsetning til ubundne fond (overskot føres på neste år)	49 292,82	0,00	-49 292,82
15800	Rekneskapsmessig overskot	22 707,01	0,00	-22 707,01
	<b>INNTEKTER</b>			
16109	Deltakarbetaling	0,00	-5 000,00	-5 000,00
16200	Arrangementinntekter	-13 750,00	-10 000,00	3 750,00
16201	Inntekt basar	0,00	-146 000,00	-146 000,00
16202	Arrangement utan billettinntekter	0,00	-20 000,00	-20 000,00
18000	Statstilskot	-4 433,00	0,00	4 433,00
18600	Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet	-38 593,00	-50 000,00	-11 407,00
18601	Takkeoffer til diakonarbeidet	-11 380,00	-8 000,00	3 380,00
18602	Takkeoffer til trusopplæringa	-11 250,00	-15 000,00	-3 750,00
18604	Takkeoffer til kyrkjemusikals arbeid	-13 928,00	-10 000,00	3 928,00
18606	Takkeoffer til barne- og ungdomsarbeid	-11 701,00	-12 000,00	-299,00
18650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	-53 184,00	-45 000,00	8 184,00
18651	Takkeoffer/ innsamling fasteaksjonen	-14 222,00	-35 000,00	-20 778,00
18652	Takkeoffer/ innsamling misjonsprosjekt	-45 593,00	-35 000,00	10 593,00
18700	Tilskot/gåver frå andre	0,00	-25 000,00	-25 000,00
19000	Renteinntekter	-11 021,00	0,00	11 021,00
19300	Bruk av tidl.års rekn.messig overskot	-49 292,82	0,00	49 292,82
19500	Bruk av bundne fond	-98 500,00	0,00	98 500,00
	<b>Nysæter sokneråd</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

